

MÅNADSPLAN - Konglomerat - september 2019

Tema: Tilvenning, vennskap, haust og brannvern


Mål: Born og vaksne blir godt kjende, og finn seg til rette på avdelinga.

| Veke 36 | Mandag 02.09 | Tysdag 03.09 | Onsdag 04.09 | Torsdag 05.09 | Fredag 06.09 |
|--|---|---|--|--|---|
| Tema: Bli kjende Vennskap | 09.00-10.30: Avdelingsmøte (Granat) | Frileik/grupper/ute- og inneleik/aktivitet | Førskulegruppa i Kvernsteinsparken (vi går frå bhg. ca kl. 09.45) 3 & 4 års gruppe - leik inne og ute | 09.00-10.30: Avdelingsmøte (Konglomerat) | Kl. 09.30 - 13.30 Førskulegruppe i barnehagen 3 & 4 års gruppe - leik inne og ute |
| Veke 37 | Måndag 09.09 | Tysdag 10.09 | Onsdag 11.09 | Torsdag 12.09 | Fredag 13.09 |
| Tema: Brannvern | Ped.leiarmøte 09.00- 10.30 Aud Irene deltek | Frileik/grupper/ute- og inneleik/aktivitet | Kl. 09.30 - 13.30 Førskulegruppe i barnehagen 3 & 4 års gruppe - leik inne og ute | Tur i nærmiljøet☺ | Kl. 09.30 - 13.30 Førskulegruppe i barnehagen 3 & 4 årsgruppe - leik inne og ute |

Telefon til avdeling Konglomerat: 91 87 58 66

Fint om du gir beskjed om fri, sjukdom eller anna på anten telefon eller sms til oss!

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage> (sjekk gjerne ut heimesida vår for nyttig info ☺)

| Veke 38 | Måndag 16.09 | Tysdag 17.09 | Onsdag 18.09 | Torsdag 19.09 | Fredag 20.09 |
|----------------------------|---|---|---|--|--|
| Tema: Brannvern | 09.00-10.30 Avdelingsmøte (Granat) | Frileik/grupper/ute- og inneleik/aktivitet | Kl. 09.30 - 13.30 Førskulegruppe i barnehagen 3 & 4 års gruppe leik ute og inne | 09.00-10.30: Avdelingsmøte (Konglomerat) | Kl. 09.30 - 13.30 Førskulegruppe i barnehagen 3 & 4 års gruppe - leik inne og ute |
| Veke 39 | Måndag 23.09 | Tysdag 24.09 | Onsdag 25.09 | Torsdag 26.09 | Fredag 27.09 |
| Tema: Haust | Bursdagssamling for Victoria 4 år HURRA!  Ped.leiarmøte 09.00-10.30 Aud Irene deltek | Frileik/grupper/ute- og inneleik/aktivitet | Kl. 09.30 - 13.30 Førskulegruppe i barnehagen 3 & 4 års gruppe - leik inne og ute | Tur i nærmiljøet☺ | Førskulegruppa i Kvernsteinsparken (vi går frå bhg.ca.9.45 3 & 4 års gruppe - leik inne og ute |

Velkomen til nytt barnehageår på Konglomerat for både nye og «gamle» barn!

Her kjem første månadsplan☺.

Vi har hatt ein fin start på barnehageåret. Fokuset vårt den første tida er naturleg nok tilvenning og vennskap. Vi jobbar for at alle skal bli trygge, finne nokon å leike ilag med og bli kjende med både barn og vaksne på avdelinga. Vi har hatt mykje frileik både ute og inne, der vi vaksen prøver å delta aktivt.

Telefon til avdeling Konglomerat: 91 87 58 66

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage> (sjekk gjerne ut heimesida vår for nyttig info ☺)

Fint om du gir beskjed om fri, sjukdom eller anna på anten telefon eller sms til oss!

Konglomerat er oppe på kjøkkenet om morgonen fram til frukost, då går vi ned på avdelinga i kjellaren. Det er viktig at de som foreldre følgjer barna ned på avdelinga når de kjem etter kl. 8.00, og **hugs å lukke grinda til trappa.**

I veke 37 og 38 er det brannvern som blir tema. Vi vil snakke om kva vi skal gjere dersom det begynner å brenne, lese bøker, sjå filmar og ha aktivitetar knytt til tema. I år har vi bestilt inn bøker om «Bjørnis», ein bamse som barna gjerne kjenner frå barne-tv. Samtidig er det også naturleg at vi begynner å legge merke til forandringar som skje i naturen rundt oss - hausten er rett «rundt hjørne».

Gjennom alt arbeidet vi vaksen gjer i barnehagen saman med barna skal vennskap og inkludering ligge som eit fundament. Føler ikkje barna seg inkludert og verdsett, vil det virke inn både på trivsel og utvikling. Alle barna skal bli sett og høyrte.

Andre praktiske ting:

- Fint om ein er komen i bhg. til 09.30☺
- Hugs å merke alle klede og sko☺
- Fint om alle har kvar sin sekk med matboks i (flaske treng ein ikkje) som ein kan ta med ned. Vi henger sekkane på knaggane i gangen v/trappa, etter frukost, og tek dei med opp att i garderoben i løpet av dagen☺
- Leikar ynskjer vi ikkje at de tek med i barnehagen; det vert fort veldig mykje å passe på for både barn og vaksne☺
- Vi vil gjerne ha tilbake «Boka mi».

Onsdag 25. september vert det foreldremøte. Sett av datoen ☺! Innkalling til møte kjem seinare.

Dersom det er andre ting de lurar på, ta gjerne kontakt med oss på avdelinga ☺

Helsing Olaug, Anette, Christine, Aud Irene og Sonja

Telefon til avdeling Konglomerat: 91 87 58 66

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage> (sjekk gjerne ut heimesida vår for nyttig info ☺)

Fint om du gir beskjed om fri, sjukdom eller anna på anten telefon eller sms til oss!